

Marit Silje Årnes Husabø

Emne:

VS: Vinterstenging av FV 92 Stordalen - Bjordal

-----Opprinnelig melding-----

Fra: Petter Sortland <Petter.Sortland@hoyanger.kommune.no>

Sendt: tysdag 5. november 2019 12:10

Til: Jenny Ellaug Følling <jenny.folling@sfj.no>

Kopi: Noralv Distad <noralv.distad@aurland.kommune.no>; Dina Lefdal <dina.lefdal@sfj.no>; Høyanger kommune <postmottak@hoyanger.kommune.no>

Emne: Vinterstenging av FV 92 Stordalen - Bjordal

Hei

Syner til vedtak i fylkesting om stenging av FV 92 Stordalen - Bjordal frå 01.11.19 til 30.04.20.

Høyanger kommune v underteikna har fått eit utal henvendingar frå frustrerte næringsdrivande som no får ein heilt anna arbeidskvardag, då dei må køyre E 39 om Matre, og vidare til Stordalen.

Dette i ei tid då vi erfarer stabilt, kaldt vêr, utan snø.

Eg veit at bakgrunnen for å setje ein dato for stenging har med vedlikehaldskontraktar å gjere, men å vinterstenge ein veg som er viktig for lokalt næringsliv utan at det er blitt vinter, er utfordrande å forstå og akseptere for folk flest.

Eg ber om at fylket justerer vedtaket om vinterstenging, slik at vegen kan forbli open for allmenn ferdsel til snø og andre tilhøve i vêr- og køyreforhold tilseier at vegen vert vintersteng.

Eit slikt vedtak vil folk i området forstå og ha respekt for.

Håper på ei rask avklaring i saka.

Med helsing
Petter Sortland
Ordførar
Høyanger kommune